



**Arkiv:** K2 - D11, K2 - C22  
**JournalpostID:** 17/7023  
**Sakshandsamar:** van Gangelen, Jeroen  
**Dato:** 23.08.2017

## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval         | Møtedato   |
|---------------|---------------|------------|
| 130/17        | Formannskapet | 30.08.2017 |
| 054/17        | Kommunestyret | 06.09.2017 |

## Dagsturhytte med nynorsk fjellbibliotek på Tveit/Håland stølsbeite i Holmedal

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Askvoll kommune er positiv til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om etablering av dagsturhytte på turmål i alle kommunane i heile fylket
2. Etablering av dagsturhytte og sanitæranlegg (utedo) vert innarbeidd som tiltak i handlingsprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2018-2021, og kommunen skal søkje tilskot frå spelemidlar i 2018
3. Askvoll kommune inngår kontrakt med Reknes byggevarer L/L om bygging av dagsturhytte med solcellepanel på Håland/Tveit Stølsbeite i Holmedal
4. Prosjektkostnaden på kr. 585 275,- vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2018. Eventuelle kostnader for tilrettelegging av tomta kjem i tillegg.
5. Askvoll kommune inngår samarbeidsavtale med Holmedal vel om tomtetilrettelegging før bygging og drift/vedlikehald av dagsturhytta slik den ligg føre
6. Midlar til drifts- og vedlikehaldsmateriell må årleg innarbeidast i kommunen sitt driftsbudsjett

### **30.08.2017 Formannskapet**

#### **Handsaming:**

Terje Bjaanes tok opp spørsmål om ugildskap.  
Han er gild i saka, jfr. forv.lova §6.2.

Gaute Losnegård er styremedlem i Holmedal Vel, som er part i saka.  
Han er ugild, jfr. forv.lova §6.1.

Røysting - samrøystes:

Formannskapet er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endring:

Summen i pkt. 4, kr. 585.275,-, går ut.

### **FOR-130/17 Vedtak:**

#### **Tilråding**

1. Askvoll kommune er positiv til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om etablering av dagsturhytte på turmål i alle kommunane i heile fylket
2. Etablering av dagsturhytte og sanitæranlegg (utedo) vert innarbeidd som tiltak i handlingsprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2018-2021, og kommunen skal søkje tilskot frå spelemidlar i 2018
3. Askvoll kommune inngår kontrakt med Reknes byggevarer L/L om bygging av dagsturhytte med solcellepanel på Håland/Tveit Stølsbeite i Holmedal
4. Prosjektkostnaden vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2018. Eventuelle kostnader for tilrettelegging av tomte kjem i tillegg.
5. Askvoll kommune inngår samarbeidsavtale med Holmedal vel om tomtetilrettelegging før bygging og drift/vedlikehald av dagsturhytta slik den ligg føre
6. Midlar til drifts- og vedlikehaldsmateriell må årleg innarbeidast i kommunen sitt driftsbudsjett

### **06.09.2017 Kommunestyret**

#### **Handsaming:**

Terje Bjaanes og Anne Kari Iversen tok opp spørsmål om ugildskap. Dei er gilde i saka, jfr. forv.lova §6.2.

SV v/Anne Kari Iversen kom med følgjande endringsframlegg som vart **samrøystes vedteke**::  
Endre punkt 4 og ta vekk ordet Eentuelle.

Røysting - samrøystes:

Det vart røysta over det vedtekne punkt 4 og formannskapet sitt framlegg til pkt. 1, 2, 3, 5 og 6 som vart samrøystes vedteke.

### **KOM-054/17 Vedtak:**

1. Askvoll kommune er positiv til Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om etablering av dagsturhytte på turmål i alle kommunane i heile fylket
2. Etablering av dagsturhytte og sanitæranlegg (utedo) vert innarbeidd som tiltak i handlingsprogrammet for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2018-2021, og kommunen skal søkje tilskot frå spelemidlar i 2018
3. Askvoll kommune inngår kontrakt med Reknes byggevarer L/L om bygging av dagsturhytte med solcellepanel på Håland/Tveit Stølsbeite i Holmedal

4. Prosjektkostnaden vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2018. Kostnader for tilrettelegging av tomta kjem i tillegg.
5. Askvoll kommune inngår samarbeidsavtale med Holmedal vel om tomtetilrettelegging før bygging og drift/vedlikehald av dagsturhytta slik den ligg føre
6. Midlar til drifts- og vedlikehaldsmateriell må årleg innarbeidast i kommunen sitt driftsbudsjett

## Kva saka gjeld:

Etablering av dagsturhytte på Tveit/Håland stølsbeite i Holmedal

## Saksutgreiing:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har lansert eit nytt samarbeidsprosjekt med kommunane i fylket og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som på mange måtar kan samanliknast med klatreparkprosjektet.

Prosjektet går ut på etablering av ei dagsturhytte med nynorsk turbibliotek som ly for vêr og vind på turmål i alle kommunane i fylket. Alle hyttene skal få lik utforming, for å skape ein felles identitet og gjenkjenningseffekt i hele fylket. Målet med prosjektet er å få fleire ut i naturen, spesielt fleire barnefamiljar for å etablere gode vanar seinare i livet. Målet støttar visjonen for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019, som er *fysisk aktivitet for alle*. Hytte skal fungere som sosial møteplass, og vere ein arena for kulturformidling.

Fylkeskommunen administrerer prosjektet, og har gjennomført arkitektkonkurranse om teikning av hytta, og tilbodskonkurranse om bygging, frakt og montering av dagsturhyttene i alle kommunane. Rojo Arkitekter i Trondheim vann arkitektkonkurransen, og hytta som er teikna har form som ein trekant. Bygget er særprega og har utandørs sittetrappar og sittebenkar, som kan tilpassast vindretninga på staden. Veggene og tak har brent ru kledning. Inne er det lese krok og god plass til framheving av bøker. Ved inngangen er det overbygd plass til å henge av seg ytterklede og setje frå seg sko. Hytta er på ca. 15 kvadratmeter, og skal ikkje ha oppvarming/isolasjon, straumtilgang, sanitæranlegg og sengeplassar for overnatting. Teikningar frå hytta følgjer som vedlegg til saksutgreiinga. Fylkeskommunen har valt ut Reknes Byggevarer L/L i Masfjorden kommune som entreprenør for bygging, transport og montering av dagsturhyttene.

I prosjektet har kommunane før bygginga fått ansvar for tomtetilrettelegging, naudsynt sakshandsaming etter plan- og bygningsloven, og for å få på plass idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning til å kunne søkje støtte frå spelemiddelordninga.

Kommunane vert eigar av hytta, og vil difor ha drifts- og vedlikehaldsansvar. Det vil vere opp til den enkelte kommune korleis drifta vert organisert.

Kostnaden per hytte er kr. 550 000 inkl. moms. Kostnaden inkluderer transport av materiale med helikopter. Det kan tilkomme kostnader opparbeiding av tomt dersom det er trong for utbetring før montering.

For å få kommunane sin eigenandel lågast mogleg, går Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane inn med kr. 200 000,- per hytte (totalt har stiftinga løyvd 5,2 mill. kr. til prosjektet. I tillegg kan ein søkje tilskot frå spelemiddelordninga (1/3 del av godkjend kostnadoverslag med maksgrønse på 1 mill. kr.).

Finansieringsplanen er lagt opp slik:

|  |                      |
|--|----------------------|
| Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane                          | Kr. 200 000,-        |
| Spelemidler  | Kr. 183 158,-        |
| Eigenandel Askvoll kommune (mva-refusjon utgjør kr. 109 895) | Kr. 166 317,-        |
|  | <b>Kr. 549 475,-</b> |

Planen er at dei første hyttene skal stå ferdige i 2017, og i løpet av 2018 skal det vere mogleg å besøke «Sogn og Fjordane-hytter» i alle kommunane.

I tillegg til Sparebankstiftinga, er Fylkesbiblioteket òg med i prosjektet. Fylkesbiblioteket har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket til å etablere nynorsk fjellbibliotek inn i dagsturhyttene. Prosjektet «Nynorske turbibliotek i Sogn og Fjordane» er toårig, og det første året er tilskot frå Nasjonalbiblioteket på 400 000 kroner. Turbiblioteket vil vere sett saman av ei samling av nynorske bøker, biletbøker, forteljingsbøker og faktabøker for barn. Det vert òg bøker for

ungdom og vaksne, som friluftsbøker, naturbøker, samlingar av segner og eventyr, og bøker om kulturminne frå områda hyttene ligg i.

### **Føringar for val av turmål/plassering**

Det er opp til kvar kommune å velje plassering for hytta. Men Sogn og Fjordane fylkeskommune har sett føringar for val av turmål og plassering. Under følgjer nokre av dei mest sentrale føringane. Oversikt over alle føringane følgjer vedlagt med saka (tittel på dokumentet er «tilbakemeldingsskjema»).

- Turmålet skal vere lett tilgjengeleg for alle innbyggjarar, men behovet til barn og unge for å vere meir ute vert vektlagt. Startpunktet for turen bør kunne nåast med bil innan 15 minuttar frå kommunesenteret.
- Valt turmål sin popularitet/bruksverdi i dag bør leggst stor vekt på, og det skal ha utsikt.
- Parkeringskapasiteten ved startpunktet må vere god, ev. potensiale for utbetring.

### **Konklusjon:**

Friluftsliv er den forma for aktivitet som aktiviserer flest av innbyggjarane i Norge. Naturen er den største arenaen vi har for fysisk aktivitet. Friluftsliv har fleire direkte nytteverdiar, til dømes for folkehelse, livskvalitet, ei berekraftig utvikling og som ressurs for næringslivet. Dagsturhytteprosjektet er ei stor satsing innanfor friluftsliv og vil bygge opp under ein positiv profil for kommunane og fylket i sin heilheit. Det vil vere eit viktig tilretteleggingstiltak som er med på å styrke tilretteleggingsarbeidet i dei ulike frivillige organisasjonar, og bidreg med det i stor grad til eigenorganisert aktivitet.

Prosjektet er som sagt eit initiativ frå fylkeskommunen og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Det er både positive og negative sider med det. Det som er mindre positivt er at ideen ikkje kjem frå grasrota, men som ferdig prosjekt. Alle kommunane får heilt like prosjekt som ikkje vert lokalt tilpassa, bortsett frå ulik plassering. Ein ganske stor kostnad på eit forholdsvis enkelt bygg, gjer at store offentlege midlar vert låst opp i dette prosjektet. Derimot er dette eit svært godt initiativ frå fylkeskommunen og Sparebankstiftinga, og måten prosjektet er organisert på gjer at det vert ein relativt lite jobb administrativt i kommunane. Trass i høg kostnad på prosjektet vil det krevje lite pengar frå kommunane utover administrasjon. Sist men ikkje minst, kan det føre til auka besøkstal til turområdet (kan vere at folk vil reise rundt i ulike kommunar og sjå dei ulike hyttene). Det er òg eit viktig døme på å skape fleirbruk av eksisterande turstiar, som kan utløyse meir aktivitet.

Ut frå føringane som Sogn og Fjordane fylkeskommune har sett, har administrasjonen kome fram til at fjellområdet i Holmedal er ein høveleg stad for etablering av ei dagsturhytta. Køyreturen frå kommunesenteret er under 15 minuttar. Det er gode parkeringshøve ved startpunktta til dei ulike turmål i området. I samband med Kystarvprosjektet er det godt skilta og merka. Ved tidlegare prosjekt, som til dømes Kystarven, har det alltid vore positiv dialog og samarbeid med grunneigarar og grendalaget. Området har eit godt etablert friluftsområde som er mykje brukt, og grendalaget yter stadig eit aktivt tilretteleggingsarbeid.

Administrasjonen har vore i dialog med Holmedal vel om prosjektet. Styret i grendalaget gjorde i møtet den 4.oktober 2016 vedtak om at dei er positiv til å samarbeide med Askvoll kommune om etablering av ei dagsturhytte, og kom samstundes med forslag om plassering på Håland/Tveit stølsbeita i nærheit av Nyksvatnet. Området kan nåast via Kystarvstien «Nyksvatnet», og er eit populært heilårs turmål i kommunen. Tomta ligg om lag 460m. over havet, og er mellomstasjon på veg til fjelltoppane Moldura og Dokka. Frå tomta er det utsikt i sør-austleg retning mot bygda og Dalsfjorden.



Utsikta frå tomta

Startpunktet for turen er ved vassverket i Holmedal. Her er det gode parkeringshøve. Tomta ligg på ei jordsameige med 4 grunneigarar. Holmedal vel har allereie vore i dialog med grunneigarane på vegne av kommunen, og dei har uttrykt seg positive til prosjektet under føresetnad av at det òg vert etablert utedo ved hytta. Det er avtalt med grendalaget at dei bistår kommunen med inngåing av grunneigaravtalen. Mal for grunneigaravtale ligg ved som vedlegg til saka. Kulturdepartementet har gjeve fritak for krav om tinglysing av rett til bruk av grunn jf. e-post frå fylkeskommunen datert 8.mars 2017 med kopi av svarbrev frå departementet om dispensasjonen.

Kommunen har som sagt ansvar for tilrettelegging/opparbeiding av tomt. På tomta er det per i dag ei lita hytta som er i særskild dårleg stand. Intensjonen er at dagsturhytta skal erstatte denne hytta. Tomta ligg på fast fjell. Konstruksjonen til den nye hytta består av 2 ståldragarar med 4 søylepunkt som vert boltra fast i fjellet. Tomta må skavast av for jord og eventuelle ujamnheter må fyllast opp med stein. Det er masse stein rundt tomta som kan nyttast til det. Grendalaget skal utføre jobben med tilrettelegginga for kommunen.

Administrasjonen har vore i kontakt med byggmesteren, og bølgeblekkplatar og vindauga etter den gamle hytta kan for ein tilleggskostnad frakast som returlast med helikopter som leverer modulane til den nye hytta. Det er sendt prisførespurnad på dette, men vi har i skrivande stund ikkje fått svar på det.

17.08.2017 arrangerte fylkeskommunen eit møte for kommunane og byggmesteren. Det skal byggast 6 hytter om gangen. Ifølgje den førebelse framdriftsplanen er Askvoll kommune sett opp i juni 2018. Modulane vert frakta per båt frå lageret i Masfjorden. Før sjølve bygginga, skal modulane lagrast på kai. Det er ikkje trong for tak, for modulane vert pakka inn. Frå kaia vert det frakta med helikopter til turmålet. I samråd med miljøvernleiar og teknisk sjef er gamle ferjekaia ved Eikenes vurdert som ein høveleg stad for mellomlagring av modulane, og landingsplass for helikopter.

Som nemnt føreset grunneigarane at det vert etablert utedo ved hytta, spesielt med tanke på at det er drikkevasskelde i området. Utedo ved hytta vert òg anbefalt av fylkeskommunen og av andre kommunar som allereie har etablert dagsturhytte. Dei erfarte at trafikken har auka, og at manglande sanitæranlegg vert eit problem i området. I byggmesteren sitt kontraktformular som følgjer med saka, er det høve til å inkludere opsjon på utedo som arkitektbyrået har teikna og som har same utforming som hytta. Prisoverslaget er på kr. 177 000. Sanitæranlegg i tilknytning til eit utandørs aktivitetsanlegg er godkjend som eige søknadsobjekt for tilskot frå spelemiddelordninga (1/3 del av godkjend kostnadsoverslag). På møtet med fylkeskommunen og byggmesteren, har kommunane etterspurt nytt tilbod på utedo som er forenkla i standard enn den arkitektfirmaet er teikna. Prisoverslag vert ettersendt. Inntil vidare vert det inngått kontrakt om bygging av dagsturhytte, og seinare vert det teke stilling om det vert etablert utedo som er i tråd med prosjektet eller om vi går får ein enklare sjølv laga utedo.

I tillegg til utedo, er det høve til å oppgradere dagsturhytta med solcellepanel. På teikningane er det med to solcellepanella. Tilleggskostnaden er kr. 35 800 inkl. moms, og denne kostnaden kan inkluderast i spelemiddelsøknaden. Sidan det skal vere nynorsk turbibliotek i hytta, og med kortare dagar på vinterhalvåret, tilrår administrasjonen å oppgradere hytta med

solcellepanel.

Administrasjonen har laga kostnadsoverslag og finansieringsplanen for to alternativ (ein utan og ein med solcellepanel):

| <b>Alternativ 1 - berre dagsturhytte</b>             |                   | <b>Finansiering</b> |                   |
|--|-------------------|---------------------|-------------------|
| Dagsturhytte   | kr 439 580        | Sparebankstiftinga  | kr 200 000        |
| mva  | kr 109 895        | Spelemidlar         | kr 183 158        |
| <b>SUM</b>   | <b>kr 549 475</b> | mva-refusjon        | kr 109 895        |
|  |                   | eigenandel kommune  | kr 56 422         |
|  |                   | <b>SUM</b>          | <b>kr 549 475</b> |
| <b>Alternativ 2 - dagsturhytte med solcellepanel</b> |                   | <b>Finansiering</b> |                   |
| Dagsturhytte   | kr 439 580        | Sparebankstiftinga  | kr 200 000        |
| solcellepanel  | kr 28 640         | Spelemidlar         | kr 195 092        |
| mva  | kr 117 055        | mva-refusjon        | kr 117 055        |
|  | <b>kr 585 275</b> | eigenandel kommune  | kr 73 128         |
| <b>SUM</b>   |                   | <b>SUM</b>          | <b>kr 585 275</b> |

Eventuelle kostnader for opparbeiding av tomt, samt returlast med helikopter og etablering av utedo kjem i tillegg.

Prosjektkostnaden skal innarbeidast i kommunen sitt investeringsbudsjett for 2018. Kontraktsummen vert fakturert kommunen i mars 2018, som er tre månader før byggjearbeidet.

Dagsturhytta må innarbeidast i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i samband med revisjonen av planen som føregår no i år. Det kan søkjast spelemidlar i januar 2018. Innanfor spelemiddelordninga er anlegget kategorisert som friluftsanlegg. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 ei satsing på friluftsanlegg ved fordeling av spelemidlar. Den går ut på at søknader om tilskot frå spelemidlar til friluftsanlegg vil få tildeling i det første godkjente søknadsår uavhengig av kommunen sin vedtekne prioritering. Det inneber at kommunen vil få tildeling frå spelemidlar våren 2018 under føresetnad av at søknaden vert godkjent.

Administrasjonen sørgjer for at naudsynte løyver til bygginga av hytta. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må vere på plass før ein sender inn spelemiddelsøknad innan januar 2018.

Som eigar av anlegget er kommunen ansvarleg for drift og vedlikehald av dagsturhytta. Av praktiske grunnar tilrår rådmannen at dette vert løyst gjennom ei avtale med grendalaget som vil ta seg av den daglige drifta og vedlikehald av hytta og utedo. Utkast til samarbeidsavtale om etablering og drift/vedlikehald av dagsturhytta følgjer med saka. Kommunen innarbeider årleg midlar til drifts- og vedlikehaldsmateriell i driftsbudsjettet til drift og vedlikehald. Sjølve arbeidet med drift og vedlikehald vert gjort på dugnad av grendalaget.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

#### **Vedlegg i saka:**

|            |                                     |        |
|------------|-------------------------------------|--------|
| 26.09.2016 | Tilbakemeldingsskjema fr_ kommunane | 141109 |
| 26.09.2016 | Tilbakemeldingsskjema fr_ kommunane | 141109 |
| 18.08.2017 | 1708 A13 Perspektiv 04 16.08.17     | 157709 |
| 18.08.2017 | 1708 A13 Perspektiv 04 16.08.17     | 157709 |
| 18.08.2017 | 1708 A14 Perspektiv 05 16.08.17     | 157710 |

|            |  |        |
|------------|--|--------|
| 18.08.2017 | 1708 A14 Perspektiv 05 16.08.17  | 157710 |
| 18.08.2017 | 1708 A12 Perspektiv 03 16.08.17  | 157711 |
| 18.08.2017 | 1708 A12 Perspektiv 03 16.08.17  | 157711 |
| 18.08.2017 | 1708 _A22 Planer (samlet)  | 157706 |
| 18.08.2017 | 1708 _A22 Planer (samlet)  | 157706 |
| 23.08.2017 | Formular for kontrakt NS 8406 A  | 157888 |
| 23.08.2017 | Utkast til grunneigaravtale  | 157821 |
| 23.08.2017 | Utkast til grunneigaravtale  | 157821 |
| 23.08.2017 | Utkast til samarbeidsavtale om etablering og drift/vedlikehald av dagsturhytta | 157849 |
| 23.08.2017 | Utkast til samarbeidsavtale om etablering og drift/vedlikehald av dagsturhytta | 157849 |